

OLE KRISTIAN ØVRE HELLAND

Mobilnummer **E-postadresse**
900 99 402 okovreh@gmail.com

Kontonummer **** * 80206

Vedtaksdato	Vedtaket er gjort av	Søknadsdato	Vår referanse
02.09.2022	Modalen kommune	05.01.2022	2022/4271, Agros 169133

Vedtak om avslag på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Innvendig restaurering av Tverradalstølen på Øvre Helland

Samandrag: Modalen kommune har vedtatt å avslå søknaden.

Modalen kommune viser til søknad av 05.01.2022.

Bakgrunn i saka

OLE KRISTIAN ØVRE HELLAND søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 05.01.2022. Du søker om totalt 40 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 06.01.2022-31.12.2022. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 209 759 kroner.

Det er søkt om tilskot til innvendig restaurering av Tverradalstølen på Øvre Helland. Stølen vart restaurert utvendig i 2021 med støtte frå kulturminnevern-midlar og SMIL-midlar frå Modalen kommune.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskrifta) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak der det går føre seg ein produksjon med rett til tilskot på eigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2, og § 3 eller § 4.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også først journal over plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Det kan gjevast SMIL-tilskot til istandsetting av verneverdige bygningar knytt til jordbrukslandskapet, dette inkluderer også seteranlegg (Jf. "kommentar til forskrift om Spesielle miljøtilskot i jordbruket", rundskriv 2021/18). Den etablerte praksisen i Modalen kommune tilseier at det berre vert gjeve SMIL-tilskot til utvendig restaurering av bygningar, ikkje til innvendig restaurering. Den utvendige restaureringa er synleg i kulturlandskapet og er såleis til glede for alle

som ferdest i landskapet. Det er positivt at stølen vert restaurert innvendig slik at han kan takast i bruk. Dette kan likevel ikkje seiast å ha nokon direkte effekt på kulturlandskapet, og Modalen kommune har derfor valgt å ikkje gje tilskot til innvendig restaurering.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Modalen kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Modalen kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge